




Tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog i Vestland

Helleren naturreservat i Lærdal kommune, Vestland

Juli 2024



Innheld

FORSLAG	3
Heimelsgrunnlag	3
Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
Andre interesser	5
SAKSHANDSAMING	7
Sakshandsamingsprosessar	7
Forholdet til utgreiingsinstruksen	7
Forvaltningsstyresmakt	8
VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	8
Geografi	8
Verneforskrifta	8
Namn	9
FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR	9
Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	9
Forvaltningmessige og budsjettmessige konsekvensar	10
Avvegning skogvern – skogbruk	10
Forvaltningsstyremakt	11
Skildring av Helleren, med merknader	11
Inngrepsstatus og andre interesser	12
Samandrag av høyringsinnspela	12
Kommentar frå Statsforvaltaren:	15
Namn	19
Avgrensing	19
Verneforskrift	19

FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Helleren naturreservat i Lærdal kommune i Vestland fylke i medhald av naturmangfaldlova. Tilrådinga omfattar 833 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 700 dekar, og av dette er om lag 450 dekar produktiv skog. Helleren naturreservat vil grense til Lærdalselva i sør og kongevegen går gjennom det framtidige verneområdet.

Heimelsgrunnlag

Helleren blir foreslått vernet i medhald av naturmangfaldlova § 34 og § 62. Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfaldlova § 33, mellom anna bokstavane

- a (*variasjonsbredden av naturtyper og landskap*),
- b (*arter og genetisk mangfold*),
- c (*truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter*).

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utsyrdes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Opprettig av eit verneområde på Helleren bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfaldlova § 33 bokstav g. Ved å verne naturen mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 33 bokstav a, b og c. Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det tilrådde verneområdet dekker eit stykke verdifull natur i ein kommune som har mange viktige registreringar når det gjeld artsmangfald. Helleren er lokalisert i ei varm, sørvendt li langs Lærdalselva, der dalføret er på sitt trøngaste. Stadvis renn elva i eit så trøngt gjel at artsutvalet liknar på det ein finn i naturtypen bekkekløft. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og er svært variert både topografisk og med omsyn til vegetasjon og skogtyper. Vi ser verdien som området også kan ha med å skape interesse for frivillig skogvern hos fleire grunneigarar i kommunen på sikt. Vern av skogen på Helleren bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane gjennom å kunne etter kvart sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det tilrådde verneområdet er relativt lite, samanlikna med til dømes Frønningen og Bermålsnosi, som også er i prosess for skogvern i Lærdal. Helleren kan likevel vere robust mot endringar i klimaet og kan bidra til langsiktig bevaring av artsmangfaldet som lever der og vidareføre dei

økosystemtenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Helleren husar også gammal barskog i øvre delar, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten blir den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar. Verneverdiane på Helleren er knytt til edellauvskogen og dei varmekrevjande artane som trivst i slikt miljø, i tillegg husar området raudlista artar og har ei utforming som peiker mot bekkekløftmiljø. Helleren naturreservat vil såleis kunne bidra til å fylle manglar i skogvernet, spesielt for edellauvskog med affinitet til bekkekløftmiljø, samtidig vil området vil bidra til å bevare trua og nær trua artar og halde karbonlagre intakte for framtida.



Figur 1 Galdane ligg på nordsida av Lærdalselvi i indre Sogn og husar mange varmekjære treslag. Det er registrert eit høgt tal raudlista artar i området som vi no tilrar til vern. Dette vil bidra til å ta vare på truga, sjeldne og sårbare artar for framtida. Foto: Vebjørn Enerstvedt, AT Skog.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta fra [naturbase](#), der kjeldene mellom anna er frå:

- Bøthun, S. W. 2003. Biologisk mangfold i Lærdal kommune. - Aurland Naturverkstad rapport nr. 2 - 2003.
- Klepsland, J. T. & Abel, K. 2010. Naturverdier for lokalitet Galdane, registrert i forbindelse med prosjekt Bekkekløfter 2009. - NaRIN faktaark.
- BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.
http://lager.biofokus.no/omraadebeskrivelser/Bekkekloefter2009_Galdane.pdf

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir føreslått verna, dersom det ikkje blir verna, er mest sannsynleg truleg hogst. Vern av området skal sikre areal med viktige vernekvalitetar, bidra til å fjerne disse negative faktorane og bidra til å dekke manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring levestaden for at truga, sårbare og sjeldne artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett er vurdert å ha litra påverknad på verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane vert svekka. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering. Tiltakshavar skal betale der det ut frå omsynet til verneverdiane er verneregler om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som er i samsvar med verneforskriftene vidareførast. Disse vil i liten grad ha negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i området.

Vi vurderer det slik at vernet vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Vi har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter vår oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærmare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, sjå lengre bak i dette dokumentet. Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfold.

Andre interesser

Kulturminne, friluftsliv og reiseliv

Kongevegen er eit kulturminne som er i bruk heile året av vandrarar, denne går gjennom Helleren langs ruta mellom Lærdalsøyri og over Filefjell mot Valdres. Tal frå 2020 syner at kring 66 000 personar går ulike delar av kongevegen, og strekninga som går gjennom det føreslegne verneområdet er [ei av dei mest populære på ruta](#). Kongevegen er freda etter Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar i kulturminnelova. Til fredinga knyter det seg [eigne fredingsbestemmingar](#), meir om dette under kapittelet Innspel i ver neprosessen. Delar av kongevegen er nyleg restaurert og i god stand, mens andre delar framleis treng gjenoppbygging etter at den har rast ut. Det blir gjennomført slått av vegetasjonen på vegbana på sommarstid.

Det føreslegne verneområdet er ein del av [Utvalde kulturlandskap i jordbruket i Lærdal \(UKL\)](#). Dette er eit kvalitetsstempel som også 50 andre område i landet innehavar. Kvart område har sitt særprega landskap der folk tek vare på naturmangfold, kulturhistorie og jordbruksdrift gjennom tradisjonelle bruksmåtar og vår tids bygdeliv.

Det er mange kulturminne, i tillegg til kongevegen, langs dalbunnen, både frå andre verdskrig og frå tidlegare tider. Særleg samferdslehistoria er rik på kulturminne, der kongevegen er det

mest synlege anlegget. Steingardar ber minne etter tidlegare tiders utmarksslått, og midt i kandidatområdet ligg spor etter Glorhelleren, ein gammal husmannsplass frå 1700-talet.



Figur 2 Kongevegen i Lærdal er eit levande kulturminne i stor bruk, og går gjennom det tilrånnde Helleren naturreservat. Det er registrert så mange som 66 000 passeringar på ein sesong (2020), noko som syner den store verdien området har for både friluftsliv og reiseliv. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Segelslettgrovi har ei lett fossesprutsone i det tilrånnde verneområdet der farande til alle tider har teke seg ein pust i bakken, drikke seg utørst og kanskje tatt seg ein dusj før ein kjem fram til folk og større grender, og er framleis i aktiv bruk av vandrargar. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området. I tillegg til kongevegen er det andre samanhengande merka og registrerte tur- og friluftsruter, mellom anna opp til Skori, jf. vernekartet. Skori er ein gammal husmannsplass som er grensa ut av verneområdet, men stien er avmerkt på vernekartet for lettare å kunne haldast ved like. Truleg er det bygdefolk og jegerar som nyttar disse andre stiane mest.

Jakt og fiske

Jakt på hjort er ein del av næringsgrunnlaget og rekreasjon langs elva. Fiske er ein stor og viktig aktivitet langs Lærdalselva. Frå kongevegen og ned til dei faste fiskeplassane er det mange stiar som tradisjonelt har vore i bruk, men med fiskestopp på laks i elva no er disse i mindre bruk. Dei viktigaste stiane ned til elva frå kongevegen er markert på vernekartet for lettare å kunne haldast ved like.

Kraft og energi:

Kandidatområdet Helleren grenser til Lærdalselva, som er eit regulert vassdrag. Vatnet blir nytta av Stuvane kraftverk, eigd av Okken kraft AS. Helleren er utan kraftlinjer. Sygnir er områdekonsesjonær for nettanlegg i Lærdal og har uttalt til NVE at det ikkje er planar om nettanlegg i kandidatområdet.

Landbruk

Helleren er del av UKL i Lærdal. Det er ikkje beite frå husdyr i det foreslegne naturreservatet i dag, men vegbana på kongevegen blir slått eit par gangar i løpet av sommarsesongen. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser ved Helleren.

Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Lærdal kommune sin arealplan.

SAKSHANDSAMING

Sakshandsamingsprosesser

Grunneigar på Helleren har enno ikkje fått endeleg framforhandla det økonomiske tilbodet frå staten, men vi ser at dette blir gjennomført i løpet av kort tid (pr. slutten av juni 2024). Det er AT Skog som har forhandlar på vegner av grunneigar, og som ser til at interessene til grunneigar blir ivareteke.

Det tilrådde verneområdet på Helleren er lokalisert på gards- og bruksnummer 48/1 i Lærdal kommune. Tilbodet kom oss i hende gjennom brev frå AT Skog den 05.12. 2022.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Helleren naturresevat (omtalt som Galdane under oppstartsmeldinga)	05.12. 2022	05.10. 2023	12.12. 2023

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale aviser og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenke til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi startar opp prosess med frivillig skogvern på Galdane i Lærdal | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Her er lenke til oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av frivillig skogvern for Helleren \(Galdane\) i Lærdal | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#).

Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med utgreiingsinstruksen. I første og andre kapittel vert verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført

og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. Samfunnsnytta av verneforslaget vert vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar.

Forslaget blir også omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i verneregler og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

Forvaltningsstyresmakt

Aktuelle kommunar skal, gjennom nye rutinar, gjennom høyningsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmyndighet for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifa når området blir vedteke verna.

Vi inviterte kommunen til å uttale seg om det var interesse for å overta forvaltningsansvaret for naturreservata innanfor kommunen sine grenser. Vi mottok innspel fra Lærdal kommune både til oppstartsmeldinga og til høyringa, men temaet forvaltningsmyndighet var ikkje tema. Dersom det kjem uttale frå kommunen med ønske om forvaltningsmyndighet vil vi vidaresende svaret til Miljødirektoratet.

VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

Geografi

Vi har gjort mindre endringar på kartdokumentet etter oppstartsmeldinga, där vi endra namnet frå *Galdane* naturreservat til *Helleren* naturreservat. I tillegg har vi endra ordlyden i tegnforklaringa frå *Traktorveg* til *Historisk veganlegg*. Den geografiske avgrensinga er ikkje endra i verneprosessen.

Verneforskrifta

Mellom oppstart og høyring gjorde vi nokre få endringar:

- Vi endra namnet i forskrifa frå *Galdane* naturreservat til *Helleren* naturreservat.
- Vi endra, i forskrifa, frå stor bokstav i *Kongevegen* til liten forbokstav i *kongevegen*.
- Vi endra formuleringa i § 4 bokstav g frå *vedlikehald av Kongevegen og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet til: vedlikehald av kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.*
- Vi la inn ei ny formulering i § 6 bokstav d som lyder: *Naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel, jf. § 4 bokstav g. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata.*

- Vi la inn ei tilleggs presisering i § 3 bokstav d, andre setning: *Dette gjeld ikke på kongevegen med tilhøyrande kulturhistoriske anlegg.*

Etter høyringa har vi gått gjennom forskrifa på ny for å tilpasse den til oppdatert mal for frivillig skogvernområde, men dette er stort sett presiseringar og ikkje vesentlege endringar:

- Forskrifta § 4 bokstav h er endra frå *utsetting av saltstein i samband med beiting som omtalt i § 4 c til utsetting av saltstein.*
- Forskrifta § 7 bokstav b er endra frå *Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel av kulturminne til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.*
- Forskrifta § 7 bokstav f er endra frå *oppføring av gjerde i samband med beiting til oppsetting og vedlikehald av gjerde.*
- Forskrifta § 7 bokstav g er endra frå *tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar på stiane til tilretteleggingstiltak på stiane.*

Etter høyringa har vi endra forskrifta etter innspele frå kommunen på disse heimlane:

- Forskrifta § 4 bokstav g er endra *frå vedlikehald av kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet til vedlikehald av kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*

Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Helleren naturreservat*. Namnet er endra etter oppstartsmeldinga etter innspele frå Språkrådet. Det var ingen som hadde negative merknadar til namnet *Helleren* i høyringa.

FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

Vurdering av samfunnshytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartlegging av naturverdiane har vore gjennomført i fleire omgangar. Området vart registrert i samband med kartlegging av naturtypar i Lærdal kommune i 2002, og deretter i 2009 i samband med den nasjonale kartlegginga av bekkekløfter i regi av Direktoratet for naturforvaltning og NVE. I 2019 vart området også kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN). Disse registreringane er alle blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslaget.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskritsutforming. Vi meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Det tilrådde området vil sikre natur som har ei positiv samfunnshytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

Forvaltningmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadene som følgje av etableringa av Helleren naturreservat, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det er ikkje registrert større konsentrasjonar av gran eller andre framande treslag innanfor det tilrådde verneområdet, men det vil kunne vere behov for å fjerne enkelttre for å unngå spreiing, i tillegg til utgifter til skjøtsel etter vernevedtak.

Det kan bli utarbeida ein forvaltingsplan for naturreservatet med nærmare retningslinjer for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel. Sidan området også inkluderer kongevegen og er del av Utvalde kulturlandskap (UKL), vil det være viktig å forvalte området i dialog med kommunen, Statens vegvesen og fleire, i tillegg til grunneigar.

Forvalningsstyremakt

Lærdal kommune har ikkje teke uttalt om kommunen ønsker å overta som forvalningsstyremakt for Helleren naturreservat. Kommunen har ikkje signalisert ønske om å få delegert slik myndigkeit i andre frivillig skogvernsaker vi har hatt i Lærdal det siste året. Vi vil vidaresende eventuell ny informasjon dersom vi mottek innspel i saka. Det er ikkje verneområdestyre med lokal forvaltning i nærlieken av Helleren naturreservat.

Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag fra Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar. I oppdrag fra Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateid skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Tilbodet frå grunneigar på Helleren om frivillig skogvern kom oss i hende etter 1. februar 2022. Området blir derfor omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Under er tabellen frå skjema for avveiling av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen lagt inn. Begge skjema er sendt Landbruks- og miljødirektoratet i separat oversending datert 02.07.2024.

Områdets betydning for skogvernet og for tømmertilgangen er markert med blå farge.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
Kan få	V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1	
	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1	
	V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1	
	V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1	

	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S ₄	V7S ₃	V7S2	V7S1	
		S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1		
		Har mindre	Kan få			Har				
		Betydning for tømmertilgangen								

Skjemaet syner at Helleren har mindre betydning for tømmertilgangen og har betydning for vern.

Skildring av Helleren, med merknader

Totalareal: 833 dekar

Skogareal totalt: om lag 700 dekar

Produktiv skog: om lag 364 dekar

Verneformål og særskilte verneverdiar

Helleren i Lærdal kommune ligg i ei sør vendt li i sør boreal vegetasjonssone. Området er svært variert både topografisk og med omsyn til vegetasjon og skogtypar. Skogen omfattar rik edellauvskog med vekt på gråor-almeskog og er omtalt som svært viktig i bekkekløftkartlegginga frå 2009, sjølv om den viktigaste bekkekløfta i vest ligg likevel utanfor området vi no tilrar til vern. Området ligg solvendt langs Lærdalselva, der dalføret er på sitt trongaste. Stadvis renn elva i eit så trøngt gjel at artsutvalet likevel liknar på det ein finn i naturtypen bekkekløft. I landskapsmosaikken er også gråor-heggeskog, store, gamle tre av hengebjørk og alm, og i tillegg osp, rogn, einer, hassel hegg, furu og lind. Området inneheld rasmark og sør vendte berg, nokre stader rike på mosar og lav. Trass ein del rasmark med impediment har over halvparten av lia middels til høg til sær høg bonitet, og vil dermed bidra til å auke delen skog med høg bonitet i skogvernet i fylket.

Av 16 raudlista artar registrert i det tilrådde vernearealet er 6 sterkt truga (EN), mellom anna gåsefot, stuvkraterlav og skumkjuke, og 5 artar er nært truga (NT), mellom anna klosterlav. For å få oversikt over registrerte artar, sjå rapporten Skoganalyse vedlagt på våre heimesider. Området har vore kartlagt av erfarte biologar, og Statsforvaltaren er godt kjent i området gjennom synfaringar i felt.

Området vil i tillegg bidra til å dekke manglar i skogvernet med låglandsskog i sør boreal sone, rike edellauvskogtypar og ei stort tal raudlista artar. Innslaga av hole lauvtre, rik barkstre og tre med sprekkebark er viktige for artsmangfaldet og blir tillagt verdi, og i eldre bestandar av gråor er det høg koncentrasjon av daud ved. Det er behov om å verne meir natur med bekkekløftpreg i fylket. Vi vurderer såleis Helleren som svært verneverdig.

Føremålet med verneforskrifta er å ta vare på eit område med rik edellauvskog og andre skogtypar langs Lærdalselvi, stadvis med eit bekkekløftprega artsutval, og med generelt høg verdi for biologisk mangfald. Området ligg i ei sør vendt liside og husar ein rik mosaikk av

berg og ulike treslag som gir livsgrunnlag for truga og sjeldne artar i indre dalstrøk av Vestlandet.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Inngrepssstatus og andre interesser

Andre større anlegg enn kulturminne og tilrettelegging for friluftsliv finn vi ikkje innanfor verneområdet. Interessen for kongevegen og laksefiske er stor i Lærdal, og verneforskrifta har teke omsyn til dette. Det er ikkje energianlegg eller planar om det i kandidatområdet. Ei hytte på Nedre Skori, og stølen, Skori, ligg utanfor vernegrensa.

Samandrag av høyringssinnspela


Verneplanen vart sendt på høyring til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Landbruksdirektoratet, Vest politidistrikt, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Vestland fylkeskommune, Luftfartstilsynet, Avinor, Kystverket, NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for bioøkonomi, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Det norske skogselskap, Den Norske Turistforening, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæringerens Landsforening, Fortidsminneforeningen, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for naturforskning, KS - Kommunesektorens organisasjon, Natur og ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Fiskarlaget Vest, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Biologforening, Norsk Bergindustri, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitologisk Foreining, Norges Dykkerforbund, Norsk Sau og Geit, Norskog, Norsk Zoologisk Foreining, Sabima, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, WWF Verdens naturfond, Naturhistorisk museum, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Vegdirektoratet, Stadnamntenesta på Vestlandet, Kongevegbedrifter Filefjell SA, Kongevegbedrifter, Lærdal historielag, Sygnir AS, Okken kraft AS og Lærdal kommune.

Det kom inn sju innspeil til oppstartsmeldinga fra seks aktørar (NVE sendte to brev). To av disse innspeila kom etter fristen, men alle innspeila vart handsama i høyringssdokumentet og er omtalt i denne tilrådinga. Vi fekk fem innspeil til høyringa. Innspeila er omtalt under og blir sendt i eit samledokument til Miljødirektoratet.

Landbruksdirektoratet hadde nokre generelle innspeil til oppstartsmeldinga. Direktoratet bad om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser vart teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringssdokumentet skulle greie ut kva interessert det er i området. Direktoratet gjekk også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse vart involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Språkrådet sendte innspeil til oss om namnsettinga i oppstartsmeldinga, og rådde oss til å nytte namnet Nedre Øygarden naturreservat. Språkrådet skreiv at garden på gards- og bruksnummer 48/1, tilhøyrande grunneigaren som hadde tilbudd skog til vern, er registrert som med namn i prioritert form *Nedre Øygarden*. Namnet *Øygarden*, nedre er registrert som uprioritert skriveform. Språkrådet finn ikkje namnet Galdane registrert på denne eigedomen. Derimot er namnet Galdane registrert i SSR (sentralt stadnamnregister) på gardsnummer 1.

Blant gardane på nordsida av Lærdalselva er gardsnummer 1 den nærmeste nedom (vestanfor) gardsnummer 48. Språkrådet rådde oss difor å nytte namnet Nedre Øygarden naturreservat på verneforslaget i staden for Galdane. Til høyringa kom Språkrådet, etter at vi heller ville høyre namnet Helleren enn Nedre Øygarden om området, med eit nytt innspel i verneprosessen. Språkrådet skriv at den usamansette namneforma, *Helleren*, er registrert på fylkesatlas og namnet er ført opp med /"hædler*n/ som nedarva munnleg form, der namnet gjeld ein «[g]amal bustad». (Namneforma *Glorhelleren* er ikkje nemnt på offisielle kart.) Språkrådet skriv vidare at dei skjørnar det slik at det ikkje finst andre kjende busetnadsnamn innanfor grensene til verneområdet og tilrår difor å la området få namn etter det gamle plassnamnet. Områdenamnet bør difor skrivast *Helleren naturreservat*. I SSR er skrivemåten *Helleren* registrert som eineform.



Figur 3 Biletet viser husmannsplassen Galdane som ligg rett vest for det føreslegne verneområdet. Etter innspel frå Språkrådet gjekk vi bort i frå namnet Galdane for naturreservatet, og høyrt namnet Helleren i staden. Det kom ikkje motførestillingar mot Helleren i høyringa. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm

Lærdal kommune skriv i uttale til oppstartsmeldinga at kommunen er positiv til oppstart av verneprosess for naturreservatet. Kommunen skriv at det er viktig å få kartlagt kva følgjer det planlagde vernet vil kunne få for dei ulike interessene i området, og at kommunen gjerne vil bidra i planarbeidet dersom det er ønskjeleg. Forslaget til vern vart lagt fram for politisk handsaming under høyringsprosessen. Formannskapet gjorde vedtak, der det står at kommunen er positiv til opprettinga av Helleren naturreservat, med to tillegg i verneforskrifta. Det eine er at stien til Skori må nemnast spesielt, til dømes i forskrifta § 4 bokstav j, og det må i tillegg kome tydeleg fram kva som er meint med kongevegen, til dømes med ei kartreferanse.

Kongevegbedrifter Filefjell SA skriv i innspelet til oppstartsmeldinga at styret er positiv til oppretting av naturreservatet, og har fleire innspel til prosessen. Dei ber om ei synfaring i området før høyringa. Styret ønskjer at Statsforvaltaren skal sjå på mogelegheita av å utvide verneområdet til å gjelde heile Galdane-sida av elva, altså frå Sjurhaugen til E16 ved Selto. Styret skriv at det er viktig at det blir teke omsyn til at kongevegen blir brukt av mange vandrande kvart år, og viser til ei teljing som vart utført i 2020 med 66 000 passerande på ulike delar av kongevegen. Fordi anlegget heller ikkje er ferdig restaurert må ikkje vernet «fryse» mogelegheita for å restaurere og gjenoppbyggje kulturminnet vidare. Det må også vere lov å setje opp eit toalett langs kongevegen. Når det gjeld skjøtsel så skriv Kongevegbedriftene vidare at vegetasjonen i mai på vegbana blir klypt i midten av traseen for å ta omsyn til blomstringa på kantane. Frå 15. august blir heile breidda klypt ut til kantane/stabbesteinane/muren. Fordi folk berre går i midten av traseen før heile breidda blir klypt førar det til slitasje og eit djupare far i midten, og med auka nedbørsmengder får ein såleis djupe sokk som øydelegg kulturminnet. Dei skriv vidare at det må bli klypt ei breiare trase om våren for å spreie slitasjen over ein større del av vegbreidda. I innspelet står det vidare at det må vere lov å rydde vegetasjon rundt enkeltanlegg som ligg nærmare enn 10-15 meter frå kongevegen. Det gjeld historiske anlegg som natur- eller menneskeskapte for husdyrhald, stadar for dusj og klesvask, overnatningsplassar under steinar og hedlerar, tyske forsvarsanlegg, bunkerar og ammunisjonsholer i fjellet, sti til utsiktspunkt o.l. Området er ei viktig formidlingsarena for lokal, regional og nasjonal kulturhistorie, skriv styret. Desse anlegga bør inkluderast i «større arrangement» i paragraf 3, punkt D.

Statens vegvesen skriv i si uttale til oppstartsmeldinga at etaten er positiv til skogvern, men ønskjer eit par presiseringar knytt til vedlikehald av kongevegen. Kongevegen er freda etter Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar kap. 29 Freda eigedomar i landsverneplan for Statens vegvesen - veganlegg, jf. § 22 a i Kulturminnelova. Til fredinga knyter det seg eigne fredingsbestemmingar som skal sikre og bevare vegprofilen med over- og underbygging, inklusiv vegbreidde og murer. I verneforskrifta for naturreservatet § 4 bokstav f ber Statens vegvesen om at teksten blir endra til følgjande: *Vedlikehald av Kongevegen som inkluderer årleg skjøtsel (jf. eigen skjøtselsplan) og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.* Vegvesenet ber også om at det lagt til eit nytt punkt i § 6, med følgjande tekst. *Naudsynt motorferdsel tilpassa vegens tilstand knytt til årleg skjøtsel – eksempelvis ATV m/beitepussar jf. § 4 g.* Statens vegvesen skriv i sitt innspel til høyringa at framlegget til forskrift av Helleren naturreservat har teke opp i seg dei merknadane som Statens vegvesen hadde til oppstartsmeldinga og at SVV difor ikkje har vidare merknadar til høyringa.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sendte to separate brev til oppstartsmeldinga. NVE sendte også eitt brev til høyringa, sjølv om sistnemnte brev også visar til oppstartsmeldinga. Vi tek difor høgde for at det kan ha oppstått misforståingar. NVE skriv til oppstartsmeldinga at det føreslegne verneområdet grenser til eit regulert vassdrag, og at vatnet som nyttast til Stuvane kraftverk er eigd av Okken Kraft AS. NVE ber om at bestemmingar for rydding i samband med flaumsikring vert inkludert i verneforskrifta, og viser til Dokkajuvet naturreservat i Nordre Land kommune som døme på korleis det kan sjå ut i ei verneforskrift. NVE ber Statsforvaltaren å ta kontakt med Okken Kraft AS, og ber disse uttale seg også i tilfelle utan konflikt. NVE viser til at det er nettanlegg sør for det føreslegne verneområdet, og at dei ikkje har detaljert kjennskap til planar knytt til distribusjonsnett. NVE skriv at etaten er positiv til at nesten alle standardbestemmingar for nettanlegg er inkludert i verneforskrifta for området, slik at drift, vedlikehald og oppgradering kan bli gjennomført

også i eit framtidig verneområde. NVE skriv vidare at det manglar ein dispensasjonsbestemming i § 7 som opnar for oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4, og ber om at den blir inkludert i forskrifta. NVE skriv at Sygnir er områdekonsesjonær i området. NVE ber Sygnir uttale seg, sjølv i tilfelle utan konflikt. NVE ber om at Sygnir og Okken Kraft AS blir inkludert i adresselista. Sygnir og Okken Kraft AS er kopimottakar av brevet frå NVE. I brevet frå NVE som vi tolkar er til høyringa, men som visar til oppstartsmeldinga, skriv NVE igjen at det vil vere behov for rydding langs vasskanten i samband med flaumsikring og at dette er standard bestemmingar i konsesjonsvilkår. NVE ber difor om å inkludere bestemmingar for rydding i verneforskrifta, og visar på ny til Dokkajuvet naturreservat. I tillegg ber NVE om at Statsforvaltar tek kontakt med Okken Kraft AS for å sikre at vern ikkje hindrar reguleringa. NVE gjer merksam på at Sygnir har områdekonsesjon og, i kommunikasjon med NVE (men ikkje med Statsforvaltaren i samband med verneprosessen), har kommentert at dei ikkje har nettanlegg i området og heller ikkje har planar for nye nettanlegg i det planlagde verneområdet. NVE ber såleis Statsforvaltaren å sjå bort i frå tidlegare innspeil om nettanlegg og naudsynte forskriftsendringar.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspeila frå Landbruksdirektoratet er ivaretake i den tilrådde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigar. Det er ein støl, Skori, som er heldt utanfor vernegrensa, men som det vil vere mogeleg å kome til for å halde ved like. Det vil vere mogeleg å frakte ut felt storvilt med spesifiserte motorkøyretøy og drive skjøtsel. Det er ikkje beitedyr i området i dag, men skjøtsel av attgrodde slåtteenger langs murane av kongevegen kan være aktuelle for beitedyr å skjøtte, då er gjerding aktuelt.
Brukarinteressene er elles greidd ut i tilrådinga.

Vi har følgt faglege innspeil frå Språkrådet etter oppstartsfasen og erkjenner at Galdane ligg utanfor vernegrensa av arealet vi meldte oppstart på. Vi gjekk difor bort i frå å nytte namnet Galdane i høyringa. Galdane er ein særmerkt husmannsplass langs dalsida frå 1600-talet (sjå biletet), men det ligg rett nok utanfor vernegrensa. Namnet Nedre Øygarden er namnet på garden til grunneigar som har tilbydd skogen sin til vern. Vi vurderte at denne garden også ligg fysisk noko geografisk åtskilt frå vårt verneforslag. I dialog med grunneigar og med Lærdal historielag, i tillegg til vår lokalkunnskap, ønskjer vi ikkje å nytte namnet Nedre Øygarden naturreservat, då det ikkje er eit namn folk vil forbinde med området. Vi ville difor heller høyre namnet *Helleren naturreservat*, og høyre kva Språkrådet meinte om dette alternativet. Helleren, eller Glorhelleren, er ein gammal husmannsplass vest i det føreslegne verneområdet. Det er sett opp informasjonstavler ved Glorhelleren for å gje dei passerande informasjon om husmannsplassen, slik det er sett opp informasjonstavler på andre interessepunkt langs Kongevegen. Sidan namnet Glorhelleren ikkje er registrert i SSR og heller ikkje er å finne på offisielle kart, foreslo vi Helleren, og fekk tilbakemelding om dette namnet i høyringa. Vi gjorde endringa i samråd med grunneigar. Språkrådet kunne tilrå namnet Helleren etter høyringa.

Vi takka Lærdal kommune for tilbodet i innspeilet til oppstartsmeldinga om faglege bidrag under verneprosessen, m.a. at kommunen har ei aktiv rolle i oppfølginga av Utvalde kulturlandskap (UKL) i jordbruket og har god oversikt over den årlege skjøtselen langs kongevegen. Vi har hatt telefonkontakt med kommunen i samband med dette. Både i innspeilet til oppstartsmeldinga og til høyringa er Lærdal kommune positiv til frivillig skogvern og opprettinga av naturreservatet, noko Statsforvaltaren set stor pris på i arbeidet vidare. I

vedtaket frå formannskapet om å nemne stien til Skori spesielt i verneforskrifta står det ikkje spesielt nemnt på kva måte stien til Skori bør nemnast spesielt. Stien til Skori er, i likskap med andre tilsvarande stiar, stipla på vernekartet og forklart i teiknforklaringa som *Sti*. Heimelen i forskrifta som kommunen foreslår bør spesielt nemne stien til Skori, § 4 bokstav j, er, etter vår intensjon og i samråd med grunneigar, spesielt retta mot stiane som går ned frå kongevegen til Lærdalselva i samband med tradisjonelt fiske. Vi vil heller møte kommunen sitt innspel ved å leggje inn ordet *sti* i forskrifta § 4 bokstav g, slik at ordlyden blir *vedlikehald av kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet* (vår understrekning for å markere endring etter innspel frå kommunen). Vi tek med dette kommunen sitt første innspel til etterretning. Det andre innspelet som gjeld å lage ein kartreferanse til kongevegen er vi litt meir usikker. På vernekartet har vi plassert namnet *kongevegen* langs den historiske vegtraseen. Vi vurderer at det bør være tilstrekkeleg markering på kartet. I høyrikskartet si teiknforklaring sto anlegget som *Traktorveg*, og der vil vi foreslå i tilrådinga å endre teiknforklaringa til *Kongevegen*. På sørsida av dalføret går ein liknande veg som er forklart i vernekartet som *Bergenske postveg* og vi legg til grunn at det ikkje blir forvirring mellom disse to fordi dei har ulike namn sjølv om dei er markert med same dobbeltstipla linje.

Vi tok raskt kontakt med Kongevegbedrifter Filefjell SA etter innspelet deira til oppstartsmeldinga kom oss i hende, og set pris på at styret er positive til også større område til vern etter naturmangfaldlova. Vi drog på synfaring i lag langs heile kongeveg-traseen til kandidatområdet for vern. Ordninga for skogvern, med ei avtale der grunneigar tilbyr skog til skogvern er heilt frivillig. Vi vil gjerne ha dialog med fleire grunneigarar nært innpå Helleren, og i dalføret, då det stadvis er særstak naturverdiar i Lærdal. Det er ikkje interesse for eit større område per dags dato, men dersom interessa tek seg opp vil vi kunne vurdere å utvide verneområdet. Vi ser kor mykje som blir formidla til eit interessert publikum langs kongevegen av både kulturhistorie verdiar og naturverdiar, og takkar for innspel. Vern av Helleren som naturreservat vil ikkje hindre restaurering av kulturminne i samråd med Statens vegvesen og av kulturminnestyresmaktene, og vi ser at flora og fauna også har nytte av slått, gjenoppbygging av steinmurar og lysopne område fri for kratt inntil vegbana. Vi går ikkje, i ver neprosessen, inn på detaljane kring skjøtselen og breidda på slåtten tidleg og seint om sommaren på kongevegen. Vi ser at det er mange aktørar som er involvert, og det er truleg skjøtselsplanar i området. Ved eit vern etter naturmangfaldlova vil vi kunne, i samarbeid med kommunen og vegvesenet, ta initiativ til eit samordningsmøte. Vi vurderer, etter synfaringa, at det er mest hensiktsmessig å plassere eventuelle toalett ved parkeringsplassar og andre sentrale knutepunkt. På synfaringa så vi ikkje opplagde lokaliseringsalternativ for eventuell plassering av toalett, då det med så mange menneske vil kunne krevje mykje tilsyn og vedlikehald. Det vil opne/er opna gode toalett ved Bruknappen utanfor verneområdet i regi av vegvesenet. Dei historiske anlegga er viktige for å ta vare på kulturhistoria vår, samstundes som dei er viktige i formidlinga langs kongevegen. I verneforskrifta har vi teke omsyn til dette i § 4 bokstav g, der det er generelle unntak frå vernereglane *for vedlikehald av kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*. I § 6 bokstav d har vi, etter innspelet i oppstartsfasen frå Statens vegvesen (sjå neste innspel i dette kapittelet) opna for *naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel, jf. § 4 bokstav g. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata*. For restaurering av delane av kongevegen som treng gjenoppbygging viser vi til dispensasjonsheimelen i § 7 bokstav b som lyder *Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon*

til: Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Etter innspel frå Kongevegbedriftene la vi, før høyring, inn eit tillegg i § 3 bokstav d om større arrangement for å ta høgde for at også dei kulturhistoriske anlegga i tilknyting til kongevegen framleis kan vere arena for formidling t.d. til bussgrupper med fleire utan krav om dispensasjon. Vi fekk ikkje innspel etter høyringa.

Vi tok innspelet frå Statens vegvesen (SVV) til etterretning og endra verneforskrifta etter oppstartsmeldinga for å ta betre omsyn til kongevegen. Fredinga etter kulturminnelova og etter naturmangfaldlova kan fungere godt i lag. Under synfaring såg vi at potensialet og sannsynlegheita for at insekt, til dømes humler, overvintrar og bygger bol i dei solvendte murane langs kongevegen er stor. Vi tilpassa verneforskrifta slik at skjøtsel kan gå føre seg på og ved vegen som tidlegare. Skjøtsel vil vere viktig for å sikre vegkantfloraen, og dermed også insekt og fugl i det økologiske nettverket, langs traseen. Skjøtsel vil også redusere oppslag av kratt som kan destabilisere murane og skygge ut lyskrevjande flora. Vi endra formuleringa i § 4 bokstav g til: *vedlikehald av Kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*. Vi la også inn ei formulering i § 6 bokstav d som lyder: *Naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel, jf. § 4 bokstav g. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata.*

NVE har sendt fleire innspel. Gjeldande NVE sitt innspel til oppstartsmeldinga om å involvere Sygnir og Okken Kraft vart dette følgt opp og stod på kopilista på høyringa. Okken Kraft AS og Sygnir er også kopimottakarar av dei tre breva frå NVE til oss som er sendt i løpet av verneprosessen (to til oppstartsmeldinga og eit til høyringa). Vi legg til grunn at selskapa ville ha nytta høyringsperioden til å komme med ei uttale som kunne tilføre verneprosessen meir kunnskap om deira aktivitet og behov dersom det var behov for oppklaringar. I høyringsbrevet frå NVE er det referert til at Sygnir kommenterte NVE sitt første innspel tilbake til NVE (Statsforvaltaren fekk ikkje kopi frå Sygnir) med følgjande: «*Sygnir har ikkje nettanlegg i område. Det er ikkje planar for nye nettanlegg i det planlagde verneområde.*» Vi har ikkje hørt frå Okken Kraft AS. I spørsmålet frå NVE til oppstartsmeldinga om å tilføye formuleringar knytt til rydding av vegetasjon langs regulert elveleie som sikringstiltak mot flom er det vist til Dokkadeltaet. Vi har ikkje erfaring frå tilsvarande sakar i fylket, og har heller ikkje funne andre verneforskrifter for naturreservat enn Dokkajuvet som har disse formuleringane. Miljødirektoratet har heller ikkje slike formuleringar i malane for verneområde inntil regulerte vassdrag. Helleren naturreservat grenser mot Lærdalselva eit kort strekk på nordsida av elva. Dokkajuvet naturreservat er over 10 km lang og går langs og på begge sider av elva Dokka, og området er vanskeleg tilgjengeleg. I verneforskrifta § 4 bokstav j for Dokkajuvet står følgjande (Unntak frå vernebestemmelsene, vernebestemmelsene i § 3 annet ledd er ikkje til hinder for): *Nødvendig rydding av vegetasjon i Dokkas regulerte elveleie ved akutt behov for sikkerhetstiltak mot flom. Det skal i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.* Det står også i § 6 bokstav h: *Nødvendig motorferdsel i forbindelse med rydding av vegetasjon i Dokkas regulerte elveleie som akutt sikkerhetstiltak mot flom, jf. § 4 bokstav j. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.* I § 7, om dispensasjon, står det, under bokstav r: *Planmessig rydding av vegetasjon i Dokkas regulerte elveleie som sikkerhetstiltak mot flom.* Dokkajuvet naturreservat har ein heilt anna storlek enn Helleren, der sistnemnte grenser mot elva langs eit strekk på 810 meter. Lærdalselva er 81 km lang, og Helleren naturreservat vil såleis utgjere 1 % av elvestrekket, og berre på nordsida av elva. Det er ein gamal riksveg på sørsida av Lærdalselva med lett

tilkomst til vassdraget, denne vegen ville vere det naturlege utgangspunktet for eventuell motorisert ferdslle dersom det skulle oppstå akutte situasjonar.



Sørsida av elva har lite vegetasjon samanlikna med nordsida på dette strekket. Det vil også vere til det beste for kulturminnet kongevegen å sikre denne frå køyring med motorisert ferdslle som eventuelt vil kunne skade anlegget. Vi fann ikkje gode argumenter i det første innspelet frå NVE for å innlemme nye formuleringar i verneframlegget og vurderte at det ikkje var tungtvegande grunner for å leggje nye formuleringar for vegetasjonsrydding inn i verneframlegget. Vi bad NVE i høyningsdokumentet om meir informasjon. I høyningsperioden vart det heller ikkje lagt fram argumenter. Fordi vassdraget er regulert legg vi til grunn at kraftselskapa regulerer elva til det beste for kraftproduksjon og samfunnstryggleik, og at større flaumsituasjonar vert handsama før dei oppstår. Vegetasjon langs vassdrag er av stor verdi og har ein særskilt funksjon for mange artar, både i elva, i lufta og på land. Kantvegetasjonen kan redusere skadar ved flaum, og er regulert også gjennom vassforskrifta og vassressurslova. Føremålet med vernet av Helleren naturreservat er å ta

Figur 4 Tverrsnitt av Lærdal på sitt smalaste, med kongevegen til venstre, den viktige kantvegetasjonen mellom kongevegen og elva, samt ei trapp ned til elva for fiske. Til høgre kan ein sjå gamlevegen. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/Maria Knagenhjelm

vare på eit område med rik edellauvskog og andre skogtyper langs Lærdalselvi, stadvis med eit bekkekloftprega artsutval, og med generelt høg verdi for biologisk mangfald. Vi vurderer at det ikkje er tungtvegande grunner til å leggje forskrifta for Helleren på same linje som Dokkajuvet naturreservat. Når det gjeld innspelet frå NVE til oppstartsmeldinga om standardformuleringar for nettanlegg stilte vi spørsmål i høyringa ved om dette kunne ha vore ei misforståing. Vi hadde *ikkje* formuleringar om nettanlegg i vårt forslag til verneforskrift

fordi det *ikkje* er nettanlegg i eller nært innpå vårt føreslegne verneområde. Vi bad om tilbakemelding frå NVE om dette under høyringa, og innspelet vart trekt.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Helleren naturreservat, det har ikkje komme framlegg på andre namn etter høyringa.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i vedlegget til dette dokumentet.

Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta som på neste side i dette dokumentet.

Tilråding

Vi tilrår at området Helleren i Lærdal blir verna som naturreservat.

Tilråding

Forskrift om vern av Helleren naturreservat, Lærdal kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.202x med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område med rik edellauvskog og andre skogtyper langs Lærdalselvi, stadvis med eit bekkekloftprega artsutval, og med generelt høg verdi for biologisk mangfold. Området ligg i ei sørsvendt liside og husar ein rik mosaikk av berg og ulike treslag som gir livsgrunnlag for truga og sjeldne artar i indre dalstrøk av Vestlandet.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urord tilstand, med stadeigne artar og naturtyper og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.:48/1 i Lærdal kommune.

Naturreservatet dekker eit totalareal på om lag 833 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Lærdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode. Dette gjeld ikkje på kongevegen med tilhøyrande kulturhistoriske anlegg.
- e. Brenning av bål er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk

- c. beiting
- d. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- e. varsam fjerning av mindre mengder kvist i siktelinjer i samband med storviltjakt, og ved bruk av fiskeplassar til fiske
- f. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- g. vedlikehald av kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet
- h. utsetting av saltstein
- i. bålbrann med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j. rydding, istandsetjing og vedlikehald av eksisterande stiar frå kongevegen ned til fiskeplassar ved og langs Lærdalselvi

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom kongevegen og stiar vist på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- d. Naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel, jf. § 4 bokstav g. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- b. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- c. tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk
- d. uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- g. tilretteleggingstiltak på stiane
- h. gjenoppføring av anlegg eller installasjonar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- i. fjerning av framande treslag
- j. naudsnyt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav g og h og § 7 bokstav b, c, f, h og i.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med verneverdikket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til

tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldloven § 48.

§ 9. (*skjøtsel*)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldloven § 47.

§ 10. (*forvaltingsplan*)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (*forvaltingsstyresmakt*)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvalningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan deleger styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12. (*ikraftsettjing*)

Denne forskrifta trer i kraft straks.